



Kva signal bør eg sjå etter?

Oversikta under er utarbeida av Haugesund og Tromsø kommune og viser nokre av dei signala barn gjev som teikn på at noko er gale. Signala kan i periodar variera, inntreffa åleine eller i kombinasjon med kvarandre. Barn som lever i risikofamiliar kan visa diffuse signal. Nokon er også i overkant ansvarlege og dyktige til å tilpassa seg.

Kvart enkelt barn må vurderast individuelt. Det er ekstra viktig å følgja godt med om barnet endrar åtferd og endringa varer ved. Det er ikkje lett å vita om vanskane barnet viser heng saman med noko spesielt det har opplevd, om det er forbigåande, eller er utrykk for generelle vanskar i familien eller i barnehage/skule.

Teikn til bekymring hjå barn:

- Engsteleg, lettskremd, trist
- Manglande mimikk
- Konsentrasjonsproblem, vanskar med søvn
- Framstår som innelukka, ulukkeleg, nedtrykt, apatisk, trist
- Klagar over fysiske smerter (hovud- og/eller magesmerter)
- Ekstremt pliktoppfyllande
- Overdreven ansvarleg og dyktig å tilpassa seg
- Umotivert gråt og angstreaksjonar
- Fysiske symptom (td. unaturleg sår, merke eller underlivssmerter, problem med tannpuss, vanskar med å eta, store og/eller tilbakevendande bleieutslett)
- Sjølvskadande åtferd
- Hjelpeløyse, passivitet, tausheit og isolasjon
- Ufrivillig vasslating
- Ikkje adekvat vekst utan biologisk årsak. Ekstrem svolt. Sterk- over eller undervekt
- Ofte lite tenleg påkledning i høve årstida
- Forsømt hygiene, uvaska, skitne klede, ustelt, dårleg tannhelse
- Påfallande seksuell åtferd, til dømes i leik
- Manglande oppfølging av kontrollar på helsestasjon eller naudsynt medisinsk behandling



Særlege teikn hjå barn opp til to år:

- Anspent, passiv, eller tilbaketrekt
- Vanskeleg å regulera søvn, mat, merksemd og stimulering
- Utforskar omverden utan å søkja støtte og anerkjenning frå vaksne
- Utrøysteleg, skriketokter, panikkanfall
- Utrygghet over tid
- Hovuddunking
- Vanskar i overgangssituasjonar over tid

Teikn ved samspel mellom foreldre og barn

- Konfliktfullt samspel
- Barnet er ekstemt oppteken av foreldra
- Barnet søker ikkje trøyst hjå foreldra der det elles er naturleg
- Barnet reagerer ikkje på at foreldra går ifrå det, eller reagerar meir enn det som er vanleg, evt verkar redd foreldra sine
- Barnet eller foreldra framstår avvisande eller ikkje interessert i kvarandre
- Foreldra framstår som meir oppteken av eigne behov enn barnet sine
- Foreldra verkar lite merksame og å mangle medkjensle
- Foreldre viser mykje irritasjon og sinne mot barnet

Teikn hjå foreldra:

- Ekstremt opptatt av seg sjølv
- Lar ofte andre henta barnet, eller har lita tid til barnet
- Mangel på tilsyn av barnet
- Unnvikande kontakt med personalet, er vanskeleg å få tak i, deltek ikkje på arrangement eller liknande
- Urealistiske forventningar til barnet sin kompetanse og behov
- Opptrer truande
- Fysisk eller psykisk sjukdom eller belastning
- Problem med å beskriva barnet
- Konfliktfullt tilhøve mellom foreldra
- Møter påverka av rus i barnehagen



Skala for uro - barn / unge

	Barnet / ungdommen	Foreldra	BTI
Generelt god trivnad	utviklar seg normalt både sosialt, fysisk og intellektuelt med vanlege, naturlege endringar i trivsel.	god foreldreomsorg. søker rådgjeving om barnet i ein periode det ikkje har god trivsel. kan søkja hjelp ved å kontakta lege, sjukepleiar, barnehage, skule m.m.	Vanskane handterast i det daglege rom (Nivå 1)
Redusert trivsel	utsett for lette, konstante men forbigåande belastningar og viser teikn på at noko er gale, eller barnet er utsett for ein større, men forbigåande belastning og viser teikn på at noko er gale (barnet kan for eksempel vera påverka psykisk og sosialt av ei bestemt hending).	høyrer på råd og rettleiing frå lærar, pedagog, sjukepleiar, psykolog m.m.	
Spesielle behov	viser tydelege teikn på at noko er gale, f.eks ved handikap, vanskar med mat m.m. gir signal i form av psykiske reaksjonar, åtferdsreaksjonar m.m.	god omsorg (med omsyn til handikappa barn) konstant eller for ei tid redusert omsorg p.g.a. sjukdom, misbruk, aktuell krise ved sjukdom, dødsfall eller arbeidsløyse.	Vanskane krev innsats frå ulike fagområde (Nivå 2)
Barn med trong for spesiell støtte	er utsett for langvarig tung belastning og viser tydelege teikn på at noko er gale. fungerer dårleg og utviklar seg permanent i ei negativ retning. vanskeleg for å knyta seg til eller skapa relasjonar til andre barn eller vaksne	reduert omsorg i så høg grad at familien ikkje meistarar belastningar. teikn hjå barnet på at noko er galt aukar såleis i styrke og omfang.	
Risiko for varig skade	sender dagleg signal om forsinka utvikling som følgje av omsorgssvikt. mistrivst sterkt: <ul style="list-style-type: none">• har psykisk lidning.• er svak i kontakt.• har eventuelt eit misbruk og/eller kriminelle handlingar.• Forstyrringar i utvikling.	fråverande omsorg og er sterkt prega av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller faktorar i nettverket. alle lokale tilbod er testa utan hell.	Vanskane må løysast på spesielle stader . (Nivå 3)



KVINNHERAD
K O M M U N E

Betre tverrfagleg innsats
KVINNHERAD KOMMUNE